



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

## Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

**Møtedato:** 23.08.2016

**Møtestad:** Bjørgvin bispedømekontor

**Møtetid:** 12:00 - 15:00

### Møtedeltakarar

Berit Nøst Dale

Råd

BJØ

Halvor Nordhaug

BJØ

Ida Lindøe

BJØ

Inger Helene Thingvold Nordeide

BJØ

Ivar Braut

BJØ

Karl Johan Kirkebø

BJØ

Marius Økland

BJØ

Nora Sætre Baartvedt

BJØ

Vemund Atle Øiestad

BJØ

### Forfall meld frå følgande medlem

Råd

Beate Husa

BJØ

### Følgande varamedlem møtte

Råd

Arne Tveit

BJØ

## Saksliste

Saksnr	Tittel	Gradering
052/16	Godkjenning av innkalling og saksliste	
053/16	Godkjenning av møteprotokoll	
054/16	Høyring - Vigselsliturgi og forbønsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par	
055/16	Høyring - Reglar for Kyrkjeleg utdanningssenter nord	
056/16	Lokale forhandlingar 2016 - Overordna føringer	
057/16	Orienteringar	
3	Reformasjonsbyen Bergen 2017 - Statusrapport	
058/16	Referatsaker	

## **052/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Behandling:**

Saker som inneholder opplysninger som er taushetsbelagte, blir behandlet for lukkede dører. Dette gjelder alle tilsettingssaker.

Spørsmål om en sak skal være taushetsbelagt, behandles også for lukkede dører.

### **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

Følgende saker behandles for lukkede dører:

---

## **053/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Behandling:**

### **Vedtak:**

Møtebok vert godkjent slik ho ligg føre

---

## **054/16: Høyring - Vigselsliturgi og forbønsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par**

### **Behandling:**

Forslag 1: Inger Helene T Nordeide, Berit N Dale, Marius Økland og Egil Morland.

Samlet votering, 3 stemmer av 10 stemmer

Subsidiert forslag: Inger Helene T Nordeide, Berit N Dale, Marius Økland og Egil Morland.

Punkt 1 og 6, 5 stemmer med leder, flertall

Punkt 2 punkt 3, 3 stemmer, falt

Forslag 2: Ida Lindøe , Vemund Øiestad, Karl Johan Kirkebø og Nora S Baartvedt

Punkt 2, navn: Vigselsliturgi 2017 med undertittel vigselsordning for likekjønna og ulikekjønna par, 8 stemmer, flertall

De andre punktene samlet, 4 stemmer, falt

Administrasjonens forslag unntatt punkt 1, 2 og 6,

Punkt 3, avsnitt 1, 3 stemmer, falt

Punkt 3 avsnitt 2, 10 stemmer

Punkt 4, 10 stemmer

Punkt 5, alt 2 inkl argumentasjon, 3 stemmer, falt

Punkt 5 adm, 6 stemmer, flertall

Erstatte Problematisk med svært vanskeleg, 5 stemmer med leder, flertall

Punkt 7. Stryke kommentaren, 7 stemmer, flertall

Punkt 8. 10 stemmer

Punkt 9 Ruts bok tas ut som alternativ, administrasjonen skriv forklaring. 10 stemmer.

Punkt 10. 10 stemmer

Punkt 11. adm + Bdr ber om at det arbeides videre med å avklare avgjørelsesmyndighet. 10 stemmer.

#### Vedtak:

#### Vedtak i møtet

Bjørgvin bispedømeråd oversender høyringframlegget slik det er lagt fram av administrasjonen.

1. Mener dere at liturgiforslagene (**Ordning for vigsel og vigselsliturgi og forbønnsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par/**) svarer godt til Kirkemøtets vedtak (**KM sak 17/16?**)

Ja, men vi ynskjer prinsipielt ikkje ei slik ordning då det bryt med vår oppfatning av kva eit ekteskap er.

1. Er dere enige i å kalle ordningen «**Vigselsordning for likekjønnede og ulikekjønnede par**» / «**Vigselsordning for likekjønna og ulikekjønna par**»? Gi eventuelt forslag til en annen benevnelse.

Ordninga bør kallast «Vigselsliturgi 2017», med undertittel: «Vigselsordning for likekjønnede og ulikekjønnede par» / «Vigselsordning for likekjønna og ulikekjønna par»

## **1. Alminnelige bestemmelser (s 1-2).**

Støtter at denne formuleringa er tatt med: «Forrettande prest har avgjerdsmynne når det gjeld bruken av denne liturgien, jf. Tjenesteordning for menighetsprester, § 7», sidan den gjev uttrykk for dagens ordning. (sjå kommentar til pkt 11)

Støtter at det vert nytta «paret» der det i vigselsliturgien står «brudeparet», men formuleringa «som skal verta ektevigde», som berre er nytta her, bør gjerast om til «som skal verta vigde» som er nytta i resten av liturgien.

### **1. Den innledende teksten eller til punktene 1, 2 og 3 i forslaget til vigselsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par?**

Støtter at det vert nytta «Dei som skal verta vigde» og «paret» der det i vigselsliturgien står «brudeparet». Dette må og gjerast i den nynorske liturgien i innleiinga.

### **1. De innledende ordene under punkt 4 Skriftlesninger («Gud har skapt oss [...] stå ved hverandres side livet ut»)?**

Innleiinga før skriftlesinga er i ekteskapsliturgien ei parafrasering av Matt 19,4-6 (vera eitt) og 1. Mos 27-28a (velsigning) som NFG kallar fundamentalord: «Han har ordna det såleis at mann og kvinne skal vera eitt, og han har stadfesta denne sameininga med si velsigning.» Orda «ordna det» og «stadfest» i fortidform viser til Guds ordnande og stadfestande handling i 1. Mos. Dette er eit fundamentalord i den forstand at det gjeld ordninga, det gjeld alle ekteskap, ikkje spesielt dette eine aktuelle paret, så Guds velsigning av ordninga er stadig gyldig sjølv om dette eine ekteskapet ryk.

Difor vert det svært vanskeleg å bruka ordet «stadfestar» i presens med Gud som subjekt i den nye liturgien, både fordi ein har sagt at ein ikkje treng eit fundamentalord og fordi ein manglar ei stadfestande handling parallel til 1. Mos. I tillegg er innleiinga fokusert på paret sitt val og ikkje på ei allmenn ordning, slik at formuleringa i forslaget knyter Guds stadfestande velsigning til dette einskilde paret sitt val. Og utan å visa til ei tydeleg handling ut frå eit bibelord kan ein ikkje ta Guds velsigning for gitt, berre be om den.

Når målet er at dei to skal vera likeverdige må ein her bruka formuleringar som viser grunnlaget for den ekteskapsforståinga som liturgien kviler på. Når den ikkje kviler på eit fundamentalord, kan ein heller ikkje formulera seg slik. Då må ein anten ta bort ordet «stadfestar» med Gud som subjekt eller la ordet visa til ei anna stadfestande handling, til dømes: «Når to menneske vel å leva saman i ekteskap stadfestar vi denne sameininga ved å be om Guds velsigning.» Då vil ordet «stadfestar» visa bakover til innleiingsorda i *punkt 2 Inngangsord* og framover til innleiinga i *punkt 7 Ekteskapsinngåing* der denne formuleringa er brukt: «Kom no fram til Herrens altar, så vi kan høyra løfta dykker til kvarandre og be om Guds velsigning over dykk og over heimen dykker.» Dette svarar best til denne ekteskapsforståinga som ikkje bygger på eit fundamentalord, men på partane si felles avgjerd.

Alternativt kan ein ta heilt bort ordet «stadfestar» og seia: «Når to menneske vel å leva saman i ekteskap feirar vi denne sameininga for Guds andlet med Guds ord og bøn om velsigning.»

### **1. Forslaget til to obligatoriske skriftlesninger og at disse skal være Sal 36,6-10 og 1 Joh 4,7-12? Angi eventuelle andre forslag til lesninger.**

Foreslår som obligatoriske bibeltekstar Salme 36 og 1. Kor 13. Vi er samd i at salmeteksten løfter

blikket og takken til Gud og lovprisar Guds kjærleik og glede og difor høver godt. 1. Kor 13 handlar om kjærleikens vesen og set kjærleiken i relasjon til trua og håpet på ein måte som og kan seiast i ein samlivskontekst. Det er ein betre tekst enn 1. joh 4,7-12 nettopp fordi denne teksten når han vert teken ut av sin kontekst som kristen nestekjærleik og vert sett inn i ein samlivskontekst forankrar kjærleiken på ein måte som ikkje alle vil kjenna seg att i (kvar den som elskar er fødd av Gud og kjenner Gud) og kan oppfattast fordømande mot samlivsbrot (Den som ikkje elskar, har aldri kjent Gud).

Når dei to liturgiane skal vera likeverdige er det ingen sakleg grunn til å endra introduksjonsordet til dei frie tekstsingane frå «Lat oss vidare høyra frå Guds ord» i vigselsliturgien til «Lat oss høyra kva Guds ord seier om kjærleik og truskap» i den nye liturgien. Denne formuleringa liknar tilsvarende i den førre vigselliturgien som hadde obligatoriske, tematisk ordna bibeltekstar. No er dei ikkje tematisk ordna og ei slik formulering vil anten styra tekstalet til å inkludera dei to tema eller vera misvisande fordi ein vel tekstar med andre tema. Her bør ein difor velja same formulering som i vigselsliturgien.

### **1. Punkt 7 Ekteskapsinngåelse.**

Støttar framleggget.

#### **1. Punktene 8 – 13 (Overrekkelse av ringer, forbønn, musikk/symbolhandlinger, salme, velsignelse, utgang).**

Støtter at det vert nytta «ekteparet» der det i vigselsliturgien står «brudeparet». Formuleringa i forbøn A svarar godt til Bjørgvin sitt forslag om ny formulering av innleiinga i punkt 4.

#### **1. Det er lagt til 4 nye skriftlesningene som en kan velge å lese. Bør noe tas ut og/eller andre skriftlesninger tas inn?**

Orda i Rut 1,16b-17a er malplasert i ein vigselsliturgi og bør tas ut fordi dei er frå svigerdotter til svigermor og handlar om at svigermora alltid skal vera der. Når det står «din Gud er min Gud» kan dette bli feil for mange par.

#### **1. *Forbønnsliturgi* for likekjønnede og ulikekjønnede par.**

Dei same merknadar som er gjeve ovanfor gjeld også forbønnsliturgien.

### **1. Andre kommentar**

Det er viktig dersom mange skal vera komfortable med å bruka liturgien at ein ikkje brukar formuleringar i punkt 4 eller andre stader som er ei språkleg herming av den andre liturgien som det ikkje er tekstleg dekning for; «Gud stadfester», og som gjev skinn av å ha ei anna ekteskapsforståing enn den liturgien reelt er eit uttrykk for. Ein må heller finna nye uttrykk. Då vil det opplevast som ein sannare liturgi. Samstundes er det viktig at liturgiane er like der dei kan vera like for å framstå som tilsvarende kvarandre og likeverdige.

Vi viser til punkt 3 og ber om at det vert arbeidd vidare med spørsmålet om kven som skal ha avgjersmynde når det gjeld å velja liturgi.

---

## **055/16: Høyring - Reglar for Kyrkjeleg utdanningssenter nord**

**Behandling:**

votering: samrøysta

**Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd står i hovudsak framlegg til reglar for Kyrkjeleg utdanningssenter nord, men vil endra ein setning i §4 *Rektor* til: «Som rektor kan kun tilsettes ordinert prest (cand.theol.) i Den norske kirke».

Den foreslalte formuleringa i §1 *Senterets virksomhet* tar vare på to viktige omsyn for kyrkja, rekruttering og samarbeid med kyrkjelege institusjonar.

Dette vert tydeleggjort i §2 *Styre* i forslaget om at kyrkjerådet oppnemner styre og leiar slik som foreslått for å understreka den kyrkjelege tilknyting som KUN ynskjer og fordi det bidrar til at KUN kan finna sin plass som ein del av kyrkja og ikkje som eit vedheng.

I §4 *Rektor* bør den tidlegare formuleringa frå forskrift om PTS behaldast: «Som rektor kan kun tilsettes ordinert prest i Den norske kirke». På bakgrunn av at det no er mange vegar til ordinasjon med ulik grad av teologisk kompetanse det bør leggast til «(cand.theol)» etter «prest» som fangar opp meiningsa i formuleringa frå PTS, og understrekar at cand.theol. er ein viktig kompetanse som ikkje i alle stillingar kan ersattast med ulike ekvivaleringar.

For ein tverrfagleg utdanningsinstitusjon på dette nivået er presteutdanning den yrkesutdanninga som har flest felles område med dei andre, både sjelesorg/omsorg, liturgikk/gudsteneste og undervisning, i tillegg til den grundigaste teologiutdanninga.

Dette svarar til den sjølv forståing som KUN gjev uttrykk for i sin langstidsplan der det vert understreka at teologi er eit særleg satsingsområde både når det gjeld å rekruttera teologistudentar for å halda oppe utdanninga av teologar i nord, og fordi det er den klart største studentgruppa på KUN. Dei peikar sjølv på to risikofaktorar. Ein overgang til kyrkja kan svekka KUN akademisk, noko som talar for at rektor er minst cand.theol. Teologistudiet ved Universitetet i Tromsø har vore trua av nedlegging, difor må ein ikkje svekka det teologiske fagmiljøet og KUN sitt bidrag til det. KUN vart i si tid oppretta for å gje studentar i landsdelen eit fullverdig teologistudium, difor er det naturleg og naudsynt at rektor framleis er teolog.

---

## **056/16: Lokale forhandlingar 2016 - Overordna føringar**

**Behandling:**

**Vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd drøfta føringar for lokale forhandlingar og lokal lønspolitikk slik dei ligg føre.  
Stiftsdirektør har fullmakt til å føre drøftingane og forhandlingane slik det ligg til delegasjonen.

---

**057/16: Orienteringar****Behandling:****Vedtak:**

---

**3: Reformasjonsbyen Bergen 2017 - Statusrapport****Behandling:****Vedtak:**

---

**058/16: Referatsaker****Behandling:****Vedtak:**

---